

1. Campingkvartal

Kvart campingkvartal/ oppstillingsområde for ei gruppe campingeininger skal ikkje overstige 1000 m². Mellom kvart campingkvartal skal det vere ei ubebygd sikringsone/branngate på min. 6m, for å gje plass til slokkemannskap/-utstyr samt hindre brannsmitte ved brann. Om ikkje campingkvartal vert innført, må det vere 8 m mellom dei faste konstruksjonane i kvar campingeinering, også plattung + rekkverk < 1,5 m totalhøgde.

2. Demonteringstid

Då tida er vesentleg om det skulle oppstå ein brann på campingplassen, må kvar mobile eining/mobilt element i nærleiken av brannen kunne flyttast frå brannområdet eller demonterast og leggast flatt i løpet av 5-10 minuttar.


3. Definisjonar og prinsippsskisser

Bil utan overnatting kan plasserast mellom campingeineringane.

3.1 Mobile konstruksjonar i høve til brann:

- Campingvogn el. mobile homes (villavogner) som har påmontert hjul, ikkje er innebygd og raskt kan fjernast.
- Telt og fortelt av "vanleg" telt-materiale (duk).
- Rekkverk og levegg som består av få element og ikkje er fastmontert i vogn eller spikartelt/fortelt, dvs. raskt kan leggast horisontalt.

3.1.1 Prinsippsskisse mobile konstruksjonar



Skisse 1: Mobile konstruksjonar (sjå pkt. 3.1)


skal ha minimum 3 m mellom einingane

men helst minimum 4 m, i tråd med forventade framtidige krav.

3.2 Faste konstruksjonar i høve til brann:

- Plassbygde eller elementbygde konstruksjonar/fortelt (isoplast-telt og spikartelt av tre).
- Bod og overbygde areal.
- Plattung 0,5 m over terreng med rekkverk over 1 m eller levegg.
- Rekkverk over 1 m og levegg montert fast i vogn og/eller spikartelt/fortelt.
- Over- og innebygging av campingvogn eller fortelt (sjølv om campingvogn/fortelt er mobile).
- Mobile homes (villavogner) som ikkje har hjul.


3.2.1 Prinsippskisse faste konstruksjonar



For faste konstruksjonar:


- minimum 8 m mellom einingane**
- eller
- brannskiljande konstruksjon EI-30** der avstanden er mindre enn 8 m
- eller
- evt. andre avbøtande tiltak** som er tilfredsstillande

Skisse 2: For platting på terreng (< 0,5 m) utan rekkverk (el. med rekkverk under 1 m høgde), kan avstanden mellom platting og naboeining vere mindre enn 8 m, men ikkje mindre enn 3 m.



Skisse 3: Denne skissa viser korleis brannskiljande konstruksjonar kan plasserast som frittstående konstruksjonar, til dømes midt mellom campingtomtene.

Om campingplasser av omsyn til vedlikehald (grasklipping) og orden mellom campingeinane ikkje ønskjer mindre avstand mellom konstruksjonar enn 3 m, kan ei slik plassering av brannskilje-konstruksjonar i tomtegrensa vere lite aktuell.




Skisse 4: Eit betre alternativ er å integrere dei brannskiljande konstruksjonar i størst mogleg grad i sjølve spikerteltet/tilbygget, og i avgrensa grad som frittstående element (t.d. ved gavlveggane på campingvogner).

Dette er å føretrekke framfor løysinga som er vist ovanfor i skisse 3.


NB! Brannskiljande konstruksjon må ikkje hindre rømmingsveggar ut av campingvogn!

forts. prinsippkisser faste konstruksjoner pkt. 3.2.1




Skisse 5

Skisse 5: Så lenge takutstikk og rekkverk er under 1 m ut frå ytterveggen, gjeld plan- og bygn.lova sitt krav om 8 m mellom konstruksjonane, i dette høvet frå yttervegg til naboyttervegg.



Skisse 6

Skisse 6: Om takutstikk er meir enn 1 m ut frå ytterveggen, eller takutstikket er understøtta av søyler, gjeld 8 m krav frå takutstikket sin ytterkant til nabosøyle(-rekke), om rekkverk er under 1 m.



Skisse 7

Skisse 7: Om konstruksjonane ligg tettare enn 8 m, må den del av konstruksjonen som er nærare enn 8 m vere del av brannskiljekonstruksjon EI-30. Dette gjeld både yttervegg og yttertak. Skissa viser at vegg mot nabo og del av takflata må vere EI-30.




Skisse 8

Skisse 8: Campingplasseigar avgjer kven av leigetakarane som må oppgradere si eining. Det bør vere den som med enklaste grep kan utbetre, t.d. den som har slett fasade utan t.d. vindu/dør mot nabo.

3.3 Kombinasjon av faste og mobile konstruksjoner i høve til brann

For dette prinsippet legg ein til grunn at det er ein kombinasjon av mobile campingvogner og faste konstruksjonar som spikertelt/isoplast-fortelt/hytter/bod.

3.3.1 Prinsippskisse for kombinasjon av faste og mobile konstruksjonar



Skisse 9

Skisse 9:

For spikertelt/hytter og liknande som står fast, men som har mobile campingvogner mellom seg


må det minimum vere 8 m mellom dei faste konstruksjonane

Eitt vilkår er at campingvognene faktisk lett kan flyttast raskt (innan 5-10 minuttar).

Så lenge platting er under 0,5 m over terreng, og rekkverk er under 1 m, kan dette stå min. 3 m frå naboeining (helst meir).

4 Prinsippskisse plassering av eining i skrånande terreng


Ved høgdeskilnader mellom 2 campingeiningar, skal det vere min. 8 m (horisontalavstand) mellom faste einingar.



Skisse 10

Skisse 10:


Krav om min. 8 m avstand dersom rekkverk > 1 m og platting > 0,5 m, dvs. på det høgste 1,5 m over terreng.



Skisse 11

Skisse 11:

Krav om min. 3 m avstand dersom rekkverk < 1 m og platting < 0,5 m, dvs. på det høgste mindre enn 1,5 m over terreng.



Skisse 12:

Krav om min. 3 m avstand dersom rekkverk < 1m og platting < 0,5 m, dvs. på det høgste mindre enn 1,5 m over terreng. Horisontalavstand mellom nederste og øverste rekkverk må min. vere 2 m.

5 Ansvar hos campingplassseigar/-driftar

Det er **campingplassseigar** sitt ansvar å sørge for at dei rette avstandskrava vert gjort gjeldande, eller pålegge leigetakar å utføre og påkoste naudsynte brannsikringstiltak på si respektive tomt der avstandar ikkje er tilstrekkelege. **Campingplassseigar** må i dei tilfelle der det er aktuelt med avbøtande tiltak (som t.d. tørrsprinkling av eit/fleire delområde pga avvik i avstandskrav), sørge for at naudsynt infrastruktur blir opparbeida. **Campingplassseigar** kan pålegge leigetakar å utbetre/oppgradere aktuell eining i høve til branntiltak, og leigetakar skal påta seg kostnaden knytta til dette.

Campingplassseigar pliktar vidare å gjere leigetakar kjend med brannsikringsprosedyrar og andre krav gjennom kontrakta, sjå pkt. 6 om ansvar hos leigetakar. **Campingplassseigar** skal sørge for naudsynt plassering av branninstruks jamnt fordelt utover campingplassen, og på språk som engelsk, tysk og fransk i tillegg til norsk. Det må gjennomførast regelmessige brannøvingar på campingplassen. I pkt. 6 er lista opp ei samstilling av både regler og tilrådingar som er viktige med tanke på tryggleiken på den enkelte campingplass. Ein tilrår **campingplassseigar/-driftar** å krevje at leigetakar følgjer det nedanståande for å betre tryggleiken.

6 Ansvar hos leigetakar av campingtomt

Kvar **leigetakar** har og eit viktig ansvar for å unngå brann og ulykker. **Leigetakar** må derfor setje seg inn i og rette seg etter krav frå campingplassseigar:

- Sørge for tilstrekkeleg avstand til naboeiningar etter lover og forskrifter.
- Plassering av eininga og utforming av byggjetiltak må vere iht. avtale/leigekontrakt med campingplassinnehavar.
- Utarbeide korrekt og målsett teikning av byggjetiltak (plan, snitt og fasadar), som skal innleverast til campingplassseigar for godkjenning.
- Den leigetakar som ønskjer faste konstruksjonar må sjølv påkoste og utføre dei tiltaka som er naudsynte for å tilfredsstillе brannsikringskrava dersom avstandskrava ikkje kan oppfyllest.
- Det skal vere lett tilgjengeleg trekkanordning på dei campingvogner som skal vere mobile.
- Platting skal vere direkte på terreng (helst heilt nede på terreng, men kan tillast opp til 0,5 m over terreng om naudsynt).
- Rekkverk bør vere under 1 m høgde (gir lite strålefare ved brann.) Rekkverk høgare enn 1 m blir å rekne som levegg/fast konstruksjon (og strålefaren vert høgare).
- Plassbygde rekkverk bør ikkje vere forankra i spikartelt eller levegg (for å unngå brannsmitte.)
- Alt brennbart byggeavfall må leverast til godkjend mottak.
- Det er ikkje tillatt å lagre materialer/utstyr under campingvogn som skal vere mobil, av omsyn til brannsmitte og for å unngå hindringer hvis campingvogn raskt må fjernast.

Leigetakar skal vidare ha ansvar for:

- Sørge for forsvarleg montering av både røykvarslar og gassvarslar i campingeinga (både i campingvogn og i telt/spikartelt/tilbygg). Ha fått gjennomført naudsynt obligatorisk kontroll av utstyr.
- Sørge for eige brannsløkkeutstyr. Det er krav om handslokkar/pulverapparat i "forskrift for bruk av kjøretøy". Der tilhøva ligg til rette for det bør leigetakar kunne kople til eigen brannslange til vasspunkt, og vasslangen bør kunne nå alle delar av einga.
- Det er forbode med open el. glødande kol inne i telt eller i nærleiken av teltduk.
- Grill, kokeutstyr m.m må minst vere 1 m frå teltduk.
- Aske må tømmast på sikker stad (eigna askebeholdar som er plassert innanfor dei ulike delområda på campingplassen).
- Det må ikkje vere lagring av materialar m.m. mellom campingtomtene, det skal vere orden og oversikt i 3 m-beltet.
- Propan- og butantankar må aldri plasserast under terrengnivå og skal alltid stå oppreist. Må ikkje utsettast for unormal oppvarming eller sterk solvarme.
- Berre slanger for LPG/propan kan nyttas, med maks. lengde 1,5 m. Slange må vere stempla med utløpsdato, og når utgått på dato må den erstattast av ny.
- Ved brann må ein stengje for gassen og bringe tanken til trygg stad om mogleg.
- Gassapparat må haldast i god stand. Kontroll og overhaling skal gjerast av forhandlar, og leigetakar skal ikkje reparere defektar sjølv.

Med omsyn til el-utstyr som skal tilknyttast el-anlegget på campingplassen har **leigetakar** ansvar for fornuftig bruk av utstyr, samt følgjande:

- All el-installasjon i spikartelt/hytte m.m skal utførast av registrert installatør.
- Alt utstyr som blir tilknytt anlegget må vere godkjent.
- Gummikabel av type H07RN-F eller tilsvarende. Max 25m lang.
- Min. 2,5mm² CU for merkestrøm 16A.
- Plugg og skøytekontakt i samsvar med NEK EN 60309-2 (Rundstift).

7 Evt. særskilde krav/avtalar inngått mellom campingplasseigar og leigetakar (må signerast):
